

# Føresegner

## Detaljregulering for naust og småbåthamn i Grønevika, Gismarvik, del av gnr 60 bnr 24 m.fl.

### Tysvær kommune

dato: 17.08.2018

Rev. 12.10.2018

Dei regulerte områda er vist med reguleringsgrense på plankartet. Innafor dei regulerte områda skal arealbruken vera som det går fram av plankartet. Desse føresegnene utgjør saman med plankart datert 17.08.2018 reguleringsplan for området.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for naust og utviding av eksisterande småbåthamn med tilhøyrande anlegg.

### §1 Arealet innafor plangrensa har følgjande føremål i samsvar med plan- og bygningslova

#### I. Bygningar og anlegg (Pbl § 12-5 nr. 1)

- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag, BSB
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, BBS
- Naust, BUN
- Øvrige kommunaltekniske anlegg, KT
- Anna særskilt busetnad - servicebygg, BAS

#### II. Samferdsle og teknisk infrastruktur (Pbl § 12-5 nr. 2)

- Veg, SV
- Køyreveg, KV
- Gatetun, SGT
- Parkering, PA

#### III. Grøntstruktur (Pbl § 12-5 nr. 3)

- Grøntstruktur, G

#### IV. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (Pbl § 12-5 nr. 6)

- Ferdsel, VFE
- Småbåthamn, VS

#### V. Omsynssoner (PBL § 12-6)

- Frisikt, H140

## §2 Felles føresegner

- 2.1 Om det vert gjort funn av automatisk freda gjenstandar eller konstruksjonar under arbeid med tiltak i planområdet på land eller i sjø, må arbeidet straks stoppast og kulturminnestyresmakt varslast for nærare gransking, jf. kulturminnelova § 8, andre ledd.
- 2.2 Nye elektriske kablar i området skal så langt som råd leggjast i jordkabel.
- 2.3 Alle tiltak i sjø som fell inn under hamne- og farvasslova (kai/ molo/ bryggje, flytebryggje, sjøleidning, utfylling m.m.) krev løyve frå hamnemynde i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova. Eventuell utfylling i sjø må i tillegg søkjast om etter ureiningsforskrifta.
- 2.4 Alle småbåtanlegg skal prosjekterast og dimensjonerast for å tole påkjenning frå vind og bølger. Det må leggjast fram dokumentasjon om at anlegget er planlagt og dimensjonert av føretak eller andre med kompetanse innan fagfeltet. Dokumentasjonskravet gjeld òg for føretak eller dei som skal leggja ut flytebryggjer.
- 2.5 Det er ikkje tillate å føra opp gjerde, leveggar eller andre former for stengsler som kan vera til hinder for ålmenn ferdsel i strandsona.
- 2.6 Bygningar med innlagt vatn skal i samband med godkjenning av byggjesøknad kunne dokumentera hygienisk trygt og nok drikkevatt.
- 2.7 Tiltak kan plasserast nærare nabogrensa enn 4 m, der dette er vist med byggegrense på plankartet. Byggegrensa er stadvis samanfallande med føremålsgrensa, og kjem difor ikkje tydeleg fram på plankartet. Dette gjeld og for byggegrense mot sjø.

## §3 Bygningar og anlegg (Pbl § 12-5 nr. 1)

### 3.1 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag, f\_BSB

- 3.1.1 Innanfor felt BSB kan det leggjast ut ei flytebrygge som skal forankrast til kai/bryggje (BBS1), som vist på plankartet.

### 3.2 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona, f\_BBS

- 3.2.1 Felt f\_BBS1 er eksisterande kai/brygge. Innanfor felt f\_BBS2 kan det etablerast fast kai/brygge som vist på plankartet.

### 3.3 Naust, f\_BUN

- 3.3.1 Innanfor området kan det førast opp naust med maksimal storleik 40 m<sup>2</sup> BYA per nausteining. Breidd skal vera maksimalt 5 m og gesimshøgde maksimalt 3,5 meter. Naust skal ha saltak der takvinkel er tilpassa eksisterande bygningar på staden. Takvinkel skal ikkje overstige 45 grader.
- 3.3.2 Naust kan oppførast som separate einingar eller byggjast saman. Der det er ei samling av fleire naust, blir det tilrådd ei ledig plassering, slik at ikkje alt ligg parallelt og på linje.
- 3.3.3 Framkant på naustet mot sjøen skal ikkje liggja utanfor flomål. Det må takast omsyn til stormflo og havnivåending ved plassering av bygg og installasjonar som ikkje toler vassinntrenging.
- 3.3.4 Byggemateriale skal vera av naturmateriale. Vindaugsflater skal ikkje overstige 1 m<sup>2</sup>. Dører skal vere sidehengsla tredører.

3.3.5 I nausta er toalettrom på 3 m<sup>2</sup> tillate, og kan utstyrt med toalett og vask. Sløyebenk med vask er og tillate i nausta. Innlagt vatn krev utsleppsløyve.

#### **3.4 Øvrige kommunaltekniske anlegg, KT**

3.4.1 Område er sett av til lagring av eksisterande avfallsdunkar for hytteeigarar på Høvring, samt for avfallsdunkar tilhøyrande småbåthamna og servicebygget.

#### **3.5 Anna særskild busetnad – servicebygg, BAS**

3.5.1 Eksisterande servicebygg med sjøbuer, toalett m.m tilknytt småbåthamna inngår i føremålet. Maksimal BYA er sett til 60 m<sup>2</sup>, og maks byggehøgde er sett til 5,6 meter.

### **§4 Samferdsle og teknisk infrastruktur (Pbl § 12-5 nr. 2)**

#### **4.1 Veg, o\_SV**

4.1.1 Veg SV er offentlig, kommunal veg.

#### **4.2 Køyreveg, f\_KV1 – f\_KV3**

4.2.1 Køyreveg f\_KV1 er felles avkøyrsløse for brukarar av parkeringsplass PA1.

4.2.2 Køyreveg f\_KV2 er felles avkøyrsløse for bustaden på gnr 16 bnr 24 og småbåthamna.

4.2.3 Køyreveg f\_KV3 er felles avkøyrsløse for brukarar av parkeringsplass PA2.

#### **4.3 Gatetun, f\_SGT**

4.2.1 Arealet er sett av til felles gatetun for brukarane av småbåthamna. Det er tillate for bilar å stoppa og lesse av/på utsyr og passasjerar innanfor området.

#### **4.4 Parkering, f\_PA1 og f\_PA2**

4.4.1 Felt f\_PA1 er felles parkeringsplass for brukarar av Gismarvik småbåthamn innanfor planområdet. Det skal anleggjast minimum ein biloppstillingsplass for kvar tredje båtplass.

4.4.2 Felt f\_PA2 er sett av til felles parkeringsplass for naustområdet f\_BUN. Det skal vere 1 biloppstillingsplass per naust.

### **§5 Grøntstruktur (Pbl § 12-5 nr. 3)**

#### **5.1 Grøntstruktur, G1-G4**

5.1.1 Områda er sett av til grønstruktur innanfor planområdet. Felt G1-G3 kan beplantast med vegetasjon som ikkje kjem i konflikt med friskt langs veg. Det er tillate å setje opp trafokiosk for straum innanfor områda, i samråd med netteigar.

5.1.2 Felt G4 er sett av til grønstruktur med føremål å bevare eksisterande berg langs sjøen. Det er ikkje tillate å gjere inngrep som skadar landskapet her.

**§6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (Pbl § 12-5 nr. 6)**

**6.1 Ferdsel, VFS**

6.1.1 Området skal vera ope for ferdsel med småbåtar. Tiltak som er til hinder for slik ferdsel er ikkje tillate. Naudsynte feste for småbåtanlegg (BSB) kan leggjast ut i området, men skal ikkje vera til hinder for ferdsel med båt.

**6.2 Småbåthamn, f\_VS**

6.2.1 Innanfor området kan det leggjast til rette for småbåtar og utriggarar i samband med føremål småbåtanlegg (BSB).

**§7 Omsynssoner (PBL § 12-6)**

**7.1 Frisikt, H140**

7.1.1 Innanfor områda skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over primærvegens køyrebane.

**§8 Rekkjefølgjekrav**

8.1 Det skal i samband med søknad om løyve til tiltak lagast ein teknisk plan for avkøyrslar (KV), overvatn og vass- og avlaupsanlegg. Teknisk plan skal godkjennast av Tysvær kommune.

8.2 Før naust og båt plassar kan takast i bruk, skal biloppstillingsplass i tråd med kravet vera opparbeidd.